

Protector Skilt As
Nils Petter Nordvik
Sanddalsringen 3
5225 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1173 - 22/8880

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
10.11.2022

Løyve til montering av to omøkte fasadeskilt - gbnr 142/88 - Austrheim videregående skule

Administrativt vedtak. Saknr: 110/22

Vi syner til søknad motteke 10.11.2022

Vedtak

Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt oppføring av større fasadeskilt i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43.

Saksutgreiing:

Tiltak

Søknaden gjeld oppføring av større fasadeskilt på Austrheim vidaregåande skule.

Nabovarsel

Dette tiltaket er det ikkje naudsynt å nabovarsla.

Planstatus

Eigedommen ligg i både uregulert og regulert område innafor det som i kommuneplanen og reguleringsplanen for området er definert som skuleområde.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Vestland.

Situasjonsplan og terrengprofilar

Tiltaket er teikna inn med tilstrekkeleg foto/teikningar.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering. Det er gjort her.

Konklusjon:

Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt gjeve løyve til oppføring av fasadeskilter på Austrheim vidareåande skule.

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2017 (SAK10) kapittel 10.

Når arbeida er ferdige, skal ansvarleg søkjar skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10, og oppdatert gjennomføringsplan skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Lykke til med arbeidet!

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Kopi til:

Vestland fylkeskommune v/
Eigedomsavdelinga

Postboks 7900 5020

BERGEN

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Mottakere:

Protector Skilt As

Sanddalsringen 3 5225

NESTTUN